

**Manus for fremføring, må sjekkes mot fremføring**

**Preses Olav Fykse Tveit, Bodø, 22.09.23**

## **Helsing ved presentasjon av nytildelt biskop i Sør-Hålogaland, Svein Valle:**

Hjarteleg til lukke med tilsetting som biskop i Sør-Hålogaland! Og velkommen inn som fast medlem i kollegiet av biskopar i kyrkja vår!

Det går ikkje alltid slik ein har tenkt i livet. Men det kan gå rett vei likevel. For deg handlar det i dag om å bli det du er. Det er elles i livet eit godt prinsipp for å finne seg sjølv. Det kan skje på mange måtar. Det kan skje gjennom å bli overraska, noko du sjølv har gitt uttrykk for at du var då du fann deg sjølv i denne prosessen med å velge ny biskop.

For deg handlar det no om å gå inn i ei oppgåve som du måtte ta på deg for ei tid, som fungerande biskop, som ganske fersk domprost - der dette var ein del av stillingsinstruksen.

Du har overtydd mange om at du kan ta på deg både oppgåva og bispekåpa og fylle dei med noko dette bispedømmet treng i denne tida. Du har gjort det med mot, styrke, begeistring og vilje til å finne veien vidare for å løyse kyrkjas oppgåver her og no i akkurat dette bispedømmet.

I min nynorske Bibel er det mange «sveinar». Dei fleste av dei er «lærersveinar». Forsøket på å finne eit norsk ord for det latinske ordet disippel vart vel aldri heilt ein suksess, det fall aldri heilt naturleg inn i norsk daglegtale å snakke om «lærersveinar».

Men det er to sider ved leiaropplæringa deira som minner meg litt om det som skjer her i dag:

For det første: Deira opplæring i kva Jesu lære var, skjedde gjennom møter med menneske som trengte dette budskapet.

Du har gitt eit klart og tydeleg inntrykk av at du har blitt forma til å ta på deg leiaroppgåver og læreoppgåver gjennom møtet med livets utfordringar, ikkje minst slik dei artar seg for unge menneske. Det er kanskje ikkje berre gjennom å vere domprost nokre månader at du har utvikla din leiarprofil, men gjennom dine erfaringar og tankar over mange år av korleis du kan forme og utvikle kyrkjas rolle i ein større samanheng i samfunnet. Du har sett kyrkjas behov og oppgåver frå innsida og utsida på same tid. Du har sett utfordringane og utfordra kyrkja på korleis dei kan møtast.

For det andre: Læresveinane vart gjort til noko meir. Dei var også overraska over det oppdraget dei fekk, som apostlar, utsendte med evangeliet om Jesus Kristus. Til alle folkeslag, og til alle slags folk.

Du har eit klart sikte med di teneste som prest og som leiar i kyrkja: Du vil at kyrkja skal nå fram til folk med evangeliet der dei er, og slik dei er. Du har eit strategisk blikk, og ein vilje og evne til å ta tak i både det eine og det andre for at vi skal kome vidare og nå dei måla kyrkja har.

Vi talar i definisjonane av Den norske kyrkja om at vi skal vere ei opa folkekirkje, som alle skal kunne kjenne seg heime i. Men vi seier også at ho skal vere ei misjonerande folkekirkje. Du har evne til å vise kva dette kan bety. Du foreinar begge desse dimensjonane. Og kyrkja treng at dei hører saman. For vi kan ikkje halde evangeliet for oss sjølve.

-

Kyrkja treng menneske som er viljuge til å ta på seg leiaroppgåver som biskopar. Det er difor i dag også grunn til å takke alle som har sagt ja til å vere til disposisjon for kyrkjas kall til å verte biskop i Sør-Hålogaland bispedømme, og at dei har vore viljuge til å vere med i den omfattandeog krevjande prosessen fram til den endelege konklusjonen.

Du var ein av dei, Svein, og no vart det altså du som kyrkja til slutt peikte på. Du vil oppleve at dette er ei oppgåve der ein har bruk for alt ein har lært på eitt eller anna vis i livet. Men også at det er ei oppgåve der ein stadig lærer noko nytt.

Vi ber om Guds velsigning for det som ligg framfor deg. Først over førebuingane til vigslinga den 19. november, og vidare når du skal halde fram med å vere til velsigning i den oppgåva du vert vigsla til.